

Vedlegg 4

Høyringsnotat om endringar i læreplanen i norsk

1. Innleiing

Vi sender med dette forslag til endringar i læreplanen i norsk på høyring. Forslaga har som mål å tydeleggjere dei grunnleggjande ferdigheitene i norskfaget, å styrkje skrivekompetansen i hovudmålet og å skape ein meir realistisk og handterbar plan ut frå dei rammene faget har. Vi foreslår endringar på desse områda:

- Justert formålstekst
- Endra inndeling i og namn på hovudområde
- Justert omtale av grunnleggjande ferdigheiter
- Endringar i kompetansemåla
- Endringar i vurderingsordningane¹

Vedlegg 4A viser forslag til revidert læreplan i norsk. Alle endringsforslaga til læreplanen finn ein i utkastet til revidert læreplan.

Frist for innlevering av høyringsfråsegner står i det felles høyringsbrevet.

2. Bakgrunn: Ein heilskapleg gjennomgang av læreplanen i norsk

Læreplanen i norsk vart fastsett i 2005. I 2008 justerte Utdanningsdirektoratet læreplanen for å styrkje leseopplæringa og gjere utviklinga av leseferdigheiter og lesestrategiar i grunnskolen tydelegare. Samtidig vart norskfaget styrkt med to veketimar på barnetrinnet. I 2010 vart læreplanen justert på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram og på Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram, for å gjere han meir relevant for alle utdanningsprogramma og for å få betre progresjon.

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gjennomgå og revidere heile læreplanen i norsk saman med dei andre fellesfaga. Departementet legg til grunn at gjennomgangen skal ha vekt på at dei grunnleggjande språkferdigheitene til elevane – å lese og å uttrykkje seg munnleg og skriftleg – blir utvikla grundig og systematisk gjennom heile opplæringsløpet. Sjølv om det viktigaste formålet med revisjonen er ei meir systematisk utvikling av dei grunnleggjande språkferdigheitene, legg departementet vekt på at den reviderte læreplanen skal ha ein god balanse mellom språklæring og kultur-/kunnskapsinnhald.

¹ Forslaga gjeld ikkje eksamensordningane i samisk, finsk og teiknspråk for elevar med tospråkleg opplæring.

Departementet ber òg om at den heilskaplege gjennomgangen av læreplanen i norsk inkluderer sluttvurdering i faget for hovudmål og sidemål. Utdanningsdirektoratet vurderte dette spørsmålet særskilt i brev til Kunnskapsdepartementet 19. januar 2012, og tilrådde endringar i vurderingsordningane både for standpunkt og eksamen. I brev til Utdanningsdirektoratet 8. februar 2012 presiserer departementet at kompetansemåla skal tydeleggjere den språkkompetansen elevane skal oppnå i hovudmål og sidemål. Dei ber direktoratet utarbeide og drøfte forslag til ulike vurderingsordningar, som skal sendast på høyring saman med dei andre forslaga til endringar i læreplanen.

3. Gjeldande læreplan

Læreplanen i norsk er gjennomgåande og dekkjer heile det 13-årige skoleløpet. Faget norsk er eit fellesfag for alle utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring. Læreplanen er strukturert i fire hovudområde som utfyller kvarandre, og som ein må sjå i samanheng: *Muntlige tekster*, *Skriftlige tekster*, *Sammensatte tekster* og *Språk og kultur*. Faget har kompetansemål etter 2., 4., 7. og 10. årstrinn i grunnskolen og etter Vg1, Vg2 og Vg3 i studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. I yrkesfaglege utdanningsprogram er det kompetansemål etter Vg2 og etter påbygging til generell studiekompetanse.

Læreplanen i norsk er felles for alle elevar, uansett kor lenge dei har budd i Noreg og hatt opplæring i norsk. Det er mogeleg å begynne med læreplanen på høgare trinn utan å ha brukt han på lågare trinn.

Læreplanen i norsk sidestiller krava til kompetanse i nynorsk og bokmål utan å skilje mellom kva som er hovudmålet og sidemålet til eleven. Derfor er kompetansemåla for lese- og skriveopplæringa felles for dei to målformene. Formålsteksten seier ikkje noko om prioriteringar i skriveopplæringa, men opnar for at ein kan skrive mindre på sidemålet og meir på hovudmålet, eller like mykje.

Kompetansemåla for skriftleg sidemål gjeld ikkje for yrkesfaglege utdanningsprogram etter Vg2. For elevar som har samisk som første- eller andrespråk eller finsk som andrespråk, gjeld retten til fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål.

3.1 Gjeldande vurderingsordningar

Standpunkt

I læreplanen i norsk er det fastsett at elevane skal ha standpunktkarakterar i skriftleg hovudmål, skriftleg sidemål og munnleg. For yrkesfaglege utdanningsprogram er det fastsett at elevane skal ha standpunktkarakterar i skriftleg hovudmål og munnleg. Grunnlaget for vurderinga i alle dei tre karakterane er dei samla kompetansemåla slik dei er fastsette i læreplanen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-3. I gjeldande læreplan ligg derfor dei same kompetansemåla til grunn for tre ulike karakterar, sjølv om hovudområdet *Muntlige tekster* har eigne mål for munnleg formidling, og hovudområdet *Skriftlige tekster* like eins har eigne mål for skriftleg formidling.

Forskrift til opplæringslova kapittel 3 føreset at det blir gitt like mange karakterar i halvårsvurderingane med karakter som det eleven skal ha som standpunkt.

Eksamen

Dersom elevane blir trekte ut til skriftleg eksamen i norsk etter 10. årstrinn, går han over to dagar med hovudmål den eine dagen og sidemål den andre, og elevane får to eksamenskarakterar. Elevane kan òg trekkjast ut til munnleg eksamen i norsk.

Etter Vg2 yrkesfag kan elevane trekkjast ut til skriftleg eksamen i norsk hovudmål eller munnleg eksamen i norsk. Etter Vg3 studieførebuande/påbygging til generell studiekompetanse skal elevane opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål, og dei kan i tillegg trekkjast ut til skriftleg eksamen i sidemål. Om lag 45 % av elevane kjem opp i sidemål. Elevane kan i tillegg trekkjast ut til munnleg eksamen i norsk.

4. Direktoratets vurderingar og forslag til endringar

Utdanningsdirektoratets forslag til endringar i formålet, hovudområda, dei grunnleggjande ferdigheitene og kompetansemåla byggjer på forslag frå ei læreplangruppe med representantar frå grunnskolen, vidaregåande opplæring og høgskolar. Forslaga til sluttvurderingsordningar byggjer på tilrådingane i brevet til Kunnskapsdepartementet frå 19.01.2012, faglege råd frå læreplangruppa og rapporten frå Forum for norskfaget. Forum for norskfaget var ei breitt samansett gruppe lærarar som gav direktoratet råd og innspel i forkant av læreplanrevisjonen.²

Gjennomgåande endringsforslag: tydeleggjering av krava til hovudmål og sidemål

Eit av dei viktigaste måla med revisjonsarbeidet er å styrkje skrivekompetansen i hovudmålet for alle elevane. Både i formålsteksten, dei innleiande tekstane og kompetansemåla foreslår vi endringar som tydeleggjer at ein bør vente høgare kompetanse i hovudmålet enn i sidemålet. Bakgrunnen er at elevane har lengst opplæringstid i hovudmålet, og det er rimeleg at dei meistarar best den målforma dei har valt som hovudmål. Vi meiner endringane fører til at læreplanen blir tydelegare og meir realistisk. Ei styrking av hovudmålet i læreplanen er viktig for alle elevar, uansett kva målform dei har som hovudmål.³

Ein konsekvens av dette er at læreplanen òg skal formidle tydelegare kvifor det er viktig at elevane lærer å skrive på sidemålet. Vi har framheva eit allmenndannande perspektiv – at skriveopplæringa skal utvikle språkforståinga til elevane. Det vil seie at dei framleis skal kunne skrive både kreative og saklege tekstar på sidemålet, og at sidemålsopplæringa har samanheng med kjennskapen til det språklege mangfaldet i Noreg, men at ein ikkje ventar nøyaktig like god meistring som i hovudmålet.

Kompetansemåla for lesing på bokmål og nynorsk og allmenn kjennskap til den norske språksituasjonen er samtidig styrkte i heile læreplanen.

4.1 Formålet med faget

Vi foreslår at formålsteksten blir stramma inn språkleg. I avsnittet som handlar om bokmål og nynorsk, er det lagt til setningar som tematiserer kva som er formålet med opplæringa i hovudmål og sidemål. Formålet med opplæringa i hovudmålet er å styrkje den språklege tryggleiken og identiteten til elevane. Formålet med opplæringa i sidemålet er å styrkje språkforståinga til elevane og gi dei eit grunnlag for å meistre begge målformene i samfunnsliv

² Forum for norskfaget. Rapport. Utdanningsdirektoratet 2012 <http://www.udir.no/Lareplaner/Forsok-og-pagaende-arbeid/Gjennomgang-av-norskfaget/Forum-for-norskfaget-er-opprettat/Forum-for-norskfaget---sluttrapport-2012/>

³ Sjå ein nærare omtale av situasjonen for elevar med nynorsk som hovudmål i *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane* av Karen Marie Kvåle Garthus, Jon Todal og Kamil Øzerk, Noregs Mållag 2010 <http://www.malstreken.no/index.cfm?id=3185>

og yrkesliv. Det er òg lagt til eit avsnitt om bruken av læreplanen for elevar med samisk og finsk.

Grunnen til den språklege innstramma er at formålsteksten i gjeldande plan har ein del gjentakingar, og kan forkortast utan at meningsinnhaldet blir endra. Verdien av å kjenne det norske språkmangfaldet er understreka i formålsteksten, men det står lite om bokmål og nynorsk. Forslaget presiserer at det er ein viss forskjell på formålet med skriveopplæringa når det gjeld hovudmål og sidemål.

Elevar med samisk eller finsk som andrespråk har ei tospråkleg opplæring, men bruker den same læreplanen i norsk som einspråklege elevar. Det same gjeld nokre av elevane med samisk som førstespråk. Då er det viktig å sjå dei to faga i samanheng, og vi foreslår at dette kjem inn i formålsteksten.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på endringane i formålsteksten:

- Det er rimeleg å presisere at hovudmålet skal styrkjast.
- Formålet med opplæring i hovudmål og sidemål kjem tydeleg fram.
- Det kjem tydeleg fram at det er viktig å sjå læreplanen i norsk i samanheng med læreplanane i samisk og finsk for dei elevane som har tospråkleg opplæring.

4.2 Hovudområda i faget

Vi foreslår å samle kompetansemåla i tre hovudområde, og endre namnet på dei tre hovudområda:

- Samansette tekstar foreslår vi å ta ut som eige hovudområde.
- Dei to hovudområda *Muntlige tekster* og *Skriftlige tekster* foreslår vi endra til *Muntlig kommunikasjon* og *Skriftlig kommunikasjon*. Hovudområdet *Språk og kultur* foreslår vi endra til *Språk, kultur og litteratur*.
- Dei innleiande tekstane som forklarar innhaldet i hovudområda, blir justerte i samsvar med forslaga til endringar i kompetansemåla.

Årstrinn	Hovedområder		
1.–10. Vg1-Vg3	Muntlig kommunikasjon	Skriftlig kommunikasjon	Språk, kultur og litteratur

I Kunnskapsløftet frå 2005 vart samansette tekstar framheva som ein viktig del av det moderne norskfaget. Sidan 2006 er denne typen tekstar innarbeidd som ein del av eit moderne tekstomgrep, og derfor vurderer vi det slik at det ikkje lenger er nødvendig å synleggjere dei i eit eige hovudområde. I forslaget til justert plan er samansette tekstar tekne inn på linje med andre tekstar innanfor alle dei tre hovudområda.

Vi foreslår vidare å endre namna på dei tre hovudområda. Med det vil vi tydeleggjere kva som er innhaldet. Nemninga «kommunikasjon» fangar opp både reseptive og produktive element i hovudområda, og samsvarer betre med nemningane på tilsvarande hovudområde i andre læreplanar for språk. Vi foreslår å leggje til *litteratur* i det siste hovudområdet for å sidestille språk og litteratur i hovudområdet.

Vi foreslår òg å endre tekstane som forklarar innhaldet i hovudområda, slik at dei samsvarer med endringane som vi foreslår i kompetansemåla. Forslaget til justerte tekstar i *Muntlig*

kommunikasjon og *Skriftlig kommunikasjon* inneber derfor at både reseptive og produktive element er tydeleggjorde. Teksten om *Skriftlig kommunikasjon* reflekterer at samansette tekstar inngår i hovudområdet som ein naturleg del av eit utvida tekstomgrep.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på om

- Fjerning av samansette tekstar som eige hovudområde er med på å gi ein god balanse mellom dei ulike områda i læreplanen
- Nye namn på hovudområda tydeleggjer innhaldet i kvart område
- Nye innleiande tekstar om hovudområda dekkjer forslaget til justert innhald innan kvart område

4.3 Grunnleggjande ferdigheiter i faget

Forslaga til endringar i grunnleggjande ferdigheiter er i samsvar med *Rammeverk for grunnleggjande ferdigheter*,⁴ sjå det felles høyringsbrevet side 3. I forslaget til justerte, innleiande tekstar om dei ulike ferdigheitene har vi lagt til ein omtale av korleis elevane *utviklar* ferdigheitene. Vi har òg framheva arbeid med strategiar når det gjeld lesing og munnlege og skriftlege ferdigheiter.

Når det gjeld teksten om å kunne skrive, er det lagt til ei presisering om at ein kan vente noko høgare skrivekompetanse i hovudmål enn i sidemål. Sjå «Gjennomgåande endringsforslag» på side 3. I teksten om å kunne rekne er det presisert at rekning i faget norsk inneber å skape heilskapleg meining i tekstar der ein må sjå ulike uttrykksformer i samanheng. Når det gjeld digitale ferdigheiter, blir det presisert at dette er ein del av lese- og skriveopplæringa i norskfaget, og ordet «nye» er teke ut.

Vi foreslår å justere dei innleiande tekstane for å få ein felles struktur som samsvarer med det tverrfaglege rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter. Sidan rammeverket definerer dei ulike ferdigheitene og seier korleis dei skal utviklast, er utviklingsperspektivet lagt inn her. Strategiar for munnleg formidling, skrivestrategiar og lesestrategiar er framheva som eit viktig grunnlag for språklæring gjennom heile grunnopplæringa.

Definisjonen av rekning i norskfaget er snevra noko inn samanlikna med definisjonen i gjeldande plan. Forståing for form, system og komposisjon har med tekstforståing å gjere, ikkje rekneferdigheit. Vi foreslår derfor at rekning i norskfaget blir avgrensa til å kunne tolke og forstå informasjon i tekstar som inneheld grafiske framstillingar, tabellar og statistikk.

Teksten om digitale ferdigheiter er oppdatert og meir konkret. Å bruke digitale verktøy er ikkje lenger noko nytt i norskfaget, og arbeid med digitale tekstar er ein integrert del av opplæringa i faget i dag.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn om

- tekstane tydeleggjer kva dei grunnleggjande ferdigheitene inneber i norskfaget:
 - *Muntlige ferdigheter*
 - *Å kunne skrive*
 - *Å kunne lese*
 - *Å kunne regne*
 - *Digitale ferdigheter*

⁴ <http://www.udir.no/Lareplaner/Forsok-og-pagaende-arbeid/Lareplangrupper/Rammeverk-for-grunnleggjande-ferdigheter/>

4.4 Kompetansemål i faget

Vi foreslår endringer eller justeringar i svært mange av kompetansemåla i faget. Endringane omfattar alle hovudområda i læreplanen. Nokre kompetansemål er lagde til, andre er fjerna, delte eller slått saman med andre mål. Nokre mål er formulerte om eller flytta til andre hovudområde. Endringane har ikkje ført til ein meir omfattande læreplan.

Styrking av munnlege ferdigheiter, lesing og skriving

Mange av endringsforslaga i kompetansemåla skal tydeleggjere dei grunnleggjande ferdigheitene på norskfagets premissar. Vi har lagt særskilt vekt på å leggje til rette for ei systematisk utvikling av ferdigheitene *å lese og å uttrykkje seg munnleg og skriftleg* gjennom heile skoleløpet.

Generelt formulerte mål om arbeid med lesestrategiar er fjerna frå kompetansemåla. Sidan læreplanen tidlegare er justert for lesing, er det flest endringar i kompetansemåla for skriving og munnlege ferdigheiter. Eksempla under viser korleis måla er utforma:

- Fleire reseptive munnlege mål
Kompetansemål etter 2. årstrinn
 - lytte etter, forstå, gjengi og kombinere informasjon

- Tydelegare progresjon i munnleg kommunikasjon og retorisk kompetanse
Kompetansemål etter 4. årstrinn
 - følge opp innspill fra andre i faglige samtaler og stille oppklarende og utdypende spørsmål
 - *varierte stemmebruk og intonasjon* i framføring av tekster for medelever**Kompetansemål etter Vg1**
 - *bruke kunnskap om retoriske appellformer i presentasjoner*

- Fleire skrivemål og tydelegare progresjon i utviklinga av skrivekompetanse
Kompetansemål etter 7. årstrinn
 - gi tilbakemelding på andres tekster ut fra gitte kriterier og bearbeide egne tekster på bakgrunn av tilbakemelding

- Fleire språklæringsmål
Kompetansemål etter 7. årstrinn
 - uttrykke seg med et variert ordforråd tilpasset kommunikasjonssituasjonen**Kompetansemål etter 10. årstrinn**
 - uttrykke seg med et variert ordforråd og mestre formverk, ortografi og tekstbinding på hovedmålet

- Fjerning av generelt formulerte mål om lesestrategiar
Kompetansemål etter 2. årstrinn
 - bruke enkle strategier for leseforståelse

Ein analyse av læreplanen i norsk og førstespråkplanar i andre land det er naturleg å samanlikne seg med, viser at læreplanen i norsk har færre reseptive mål.⁵ I forslaget til justert læreplan er det derfor lagt vekt på å leggje inn fleire mål som går på aktiv lytting og lytteforståing. I tråd med rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter er det òg lagt vekt på å styrkje måla for munnleg formidling og samhandling.

Gjeldande læreplan i norsk knyter i stor grad retorikk til det skriftlege ferdigheitsområdet. Forslaget til ny læreplan legg til grunn at retorikk er ein del av både munnleg og skriftleg

⁵ Sivesind, Kirsten mfl.: *Kunnskap og læringsambisjoner for ungdom i seks land*. Utdanningsdirektoratet 2011.

kommunikasjon, og at det primært er ei lære om korleis ein planlegg og produserer tekstar. Forslaget til justert plan inneheld derfor fleire retorikkmål for munnleg formidling. I forslaget er det òg ein meir strukturert progresjon for korleis elevane utviklar den retoriske kompetansen. Det er hovudvekt på munnlege, retoriske ferdigheiter på dei lågare trinna, og ei utviding til skriftleg kommunikasjon og språkkunnskapsmål på ungdomstrinnet. På Vg1 er fleirtalet av kompetansemåla retorikkmål, mens det på Vg2 og Vg3 blir færre slike mål til fordel for fleire analytiske og kunnskapsorienterte litteratur- og kultur mål.

Ei undersøking av skrivemåla i læreplanen samanlikna med tilsvarande mål i andre læreplanar, viser at skrivemåla i gjeldande læreplan i norsk har ein lite presis omgrepsbruk og til dels utydeleg progresjon.⁶ Undersøkinga viser i tillegg at enkelte mål i norsk er mindre krevjande enn dei tilsvarande måla i samfunnsfag og naturfag. Vi foreslår derfor ei tydeleggjering av skrivemåla og ei justering av progresjonen i samsvar med rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter og læreplanar i andre fag.

Analysen av læreplanen i norsk samanlikna med tilsvarande førstespråkplanar i andre land, viser at planen har noko færre mål for språklege formkrav på ungdomstrinnet.⁷ Kunnskap om språk og språkbruk og formelle ferdigheiter i språk er viktig gjennom heile opplæringsløpet, og på ungdomstrinnet ikkje minst som grunnlag for opplæring i framandspråk. I forslaget til justert plan er det derfor lagt til mål som går på ortografi, formverk og tekstbinding på dette årstrinnet. Progresjonen i å utvikle ordforråd og omgrepslæring er styrkt gjennom heile opplæringsløpet.

I forslaget til revidert læreplan foreslår vi å fjerne generelt formulerte mål for lesestrategiar. Det er viktig å arbeide med høvelege lesestrategiar, men det er i stor grad dei same strategiane som gjer seg gjeldande på dei ulike årstrinna. Det som skaper progresjon, er kompleksiteten i tekstane elevane les, og kor sjølvstendig dei bruker strategiane. Bruk av høvelege strategiar er òg viktig for å utvikle seg i skrivning og munnlege ferdigheiter. Dei innleiande tekstane om lesing, skrivning og munnlege ferdigheiter presiserer derfor at strategiar skal vere ein del av opplæringa.

Ulike kompetansemål for hovudmål og sidemål

Vi foreslår å bruke omgrepa *bokmål* og *nynorsk* i dei kompetansemåla som refererer til leseferdigheiter og den norske språksituasjonen. I måla for skriveopplæring bruker vi omgrepa *hovudmål* og *sidemål*. Eit viktig formål med revisjonen er at språklæringssida ved faget skal bli tydelegare. Derfor er kompetansemåla for skrivning presiserte. Vi har lagt vekt på å styrkje skrivning på hovudmålet gjennom heile læreplanen. Samtidig er formålet med og krava til sidemålsopplæringa tydelegare enn før.

Kompetansemåla for *lesing* på bokmål og nynorsk er tydeleggjorde på barnetrinnet, med progresjon frå 2. årstrinn. Eksempel:

Kompetansemål etter 2. årstrinn

- lytte til og samtale om tekster på bokmål og nynorsk

Kompetansemål etter 4. årstrinn

- lese tekster av ulike typer på bokmål og nynorsk med flyt, sammenheng og forståelse

Kompetansemål etter 7. årstrinn

- lese et bredt utvalg norske og oversatte tekster i ulike sjangere på bokmål og nynorsk, og reflektere over innhold og form i teksten

⁶ Gjennomgang av læreplaner i fellesfag for å sikre sammenheng og progresjon i utvikling av skrivning som grunnleggende ferdighet. Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning 2010

⁷ Sivesind, Kirsten mfl.: *Kunnskap og læringsambisjoner for ungdom i seks land*. Utdanningsdirektoratet 2011.

Det er lagt til nokre kompetansemål som skal auke kjennskapen til dei to norske målformene. Eksempel:

Kompetansemål etter 2. årstrinn

- samtale om begrepene dialekt, bokmål og nynorsk

Skriving på begge målformene begynner på mellomtrinnet, men utan krav til formell meistring. På ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring er kompetansemåla for skriveferdigheiter differensierte slik at krava til formell meistring, ordforråd og språkføring er høgast på hovudmålet. Elevane skal skrive tekstar i ulike sjangrar både på sidemålet og hovudmålet, men på Vg2/Vg3 er nokre av dei lengre og meir krevjande sjangrane berre for hovudmålet.

Kompetansemål etter 7. årstrinn

- prøve ut ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppespråk

Kompetansemål etter 10. årstrinn

- uttrykke seg med et variert ordforråd og mestre formverk, ortografi og tekstbinding på hovedmålet
- uttrykke seg med et funksjonelt ordforråd og mestre sentrale regler i formverket på sidemålet

Elevane skal kunne skrive i ulike sjangrar både på hovudmålet og sidemålet. Det primære formålet med å skrive sidemål på ungdomstrinnet er å auke språkforståinga, og både kreative og sakprega tekstar er relevante. Det er mogeleg å skrive meir kortfatta tekstar på sidemålet.

Justering av breidda og kompleksiteten i kompetansemåla

Vi foreslår å slette eller justere særleg krevjande kompetansemål i kulturdelen av faget for å gi læreplanen eit meir realistisk nivå når det gjeld breidd og kompleksitet. Dette gjeld særleg mål som

- grensar opp mot andre fagdisiplinar, for eksempel mediekunnskap, kunsthistorie eller samfunnsfag

Mål som er sletta:

Kompetansemål etter Vg2

- vurdere bruk av estetiske virkemidler i ulike medier

Kompetansemål etter Vg2

- forklare hvordan litteratur og andre kunstuttrykk i og utenfor Norge har påvirket hverandre de siste hundreårene

Kompetansemål etter 10. årstrinn

- lede og referere møter og diskusjoner

- er særlig tid- eller ressurskrevjande

Mål som er justerte:

Kompetansemål etter Vg3

Frå

- beskrive og sammenligne de nordiske lands språksituasjon og språkpolitikk

til

- beskrive og sammenligne språksituasjonen i de nordiske landene

Samanlikninga av læreplanen i norsk og førstespråkplanar i andre land viser at den norske planen skil seg ut med større breidd når det gjelder omfang og perspektiv. Samtidig har tilbakemeldingar vist at sektoren oppfattar læreplanen som omfattande og krevjande, særleg på vidaregåande nivå. Enkelte kompetansemål er vanskelege å nå innafor tidsramma i faget, andre mål ligg i ytterkanten av kva som kan seiast å vere ansvarsområdet til norskfaget. Det gjeld mellom anna mål i hovudområdet *Sammensatte tekster*. Forslaget til endringar har som mål å

skape ein realistisk og handterbar plan ut frå dei rammene faget har, samtidig som faget skal ha ein tydeleg profil som både eit ferdigheitsfag og eit kulturfag.

Andre endringar i kompetansemåla

I tillegg til endringane over foreslår vi desse justeringane:

- flytting av kompetansemål innanfor og på tvers av hovudområda
- samanslåing eller deling av mål
- endra ordlyd i enkelte mål

Hovudområda *Muntlig kommunikasjon* og *Skriftlig kommunikasjon* inneheld både reseptive og produktive mål. For å få ein ryddigare struktur innan hovudområda foreslår vi å ordne måla slik at reseptive mål kjem først innan kvart område, deretter produktive. Når mål blir flytta på tvers av hovudområda, er det ut frå ei vurdering av kva som er hovudfokuset i kompetansemålet.

Mange mål er like aktuelle for både munnleg og skriftleg kommunikasjon, og for å unngå gjentakingar er dei då plasserte under hovudområdet *Språk, kultur og litteratur*. Det gjeld mellom anna nokre av språklæringsmåla.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på endringar i kompetansemåla:

- Endringane i kompetansemåla for munnlege ferdigheiter, lesing og skriving uttrykkjer tydeleg progresjon i
 - lytting som munnleg ferdigheit
 - munnleg kommunikasjon
 - skrivekompetanse
 - ordtilfang og formelle språkferdigheiter
- Endringane som gjeld opplæring i to målformer, er rimelege når det gjeld
 - lytting/lesing på begge målformer frå 2. årstrinn
 - mål som skal auke kunnskapen om dei to norske målformene
 - kompetansekrava til hovudmål og sidemål
- Endringane som gjeld breidd og kompleksitet i kompetansemåla
 - skapar god balanse mellom ferdigheiter og kultur/danning i planen
 - gjer omfanget av planen meir handterleg

4.5 Omfang i læreplanen

Totalt sett er talet på kompetansemål noko redusert i forslaget til justert plan. Fleire mål er sletta, men nokre mål er også lagde til. Dette heng saman med at måla for dei grunnleggjande språkferdigheitene er spesifiserte, og progresjonen er tydeleggjord. Nokre omfattande mål med til dels sprikande innhald foreslår vi å dele for at dei skal bli tydelegare og meir brukelege i praksis.

Måla i gjeldande plan har ulikt omfang og detaljeringsgrad. For å gjere måla meir likt utforma, foreslår vi at kompetansemål som ligg nær kvarandre innhaldsmessig, blir slått saman. Andre mål er forenkla utan at dei er slått saman med andre. I nokre mål foreslår vi språklege justeringar for å tydeleggjere innhaldet.

4.6 Sluttvurdering i faget

Ein sentral del av oppdraget om å revidere læreplanen i norsk er å gjennomgå sluttvurderingsordningane. I denne delen av høyringsbrevet ber vi høyringsinstansane ta stilling til tre alternative hovudmodellar. Vi presenterer dei kort innleiingsvis, og deretter gjennomgår vi dei kvar for seg. Endringsforslaga gjeld berre standpunktkarakterar og sentralt gitte eksamenar, og tek utgangspunkt i vårt brev til Kunnskapsdepartementet 19. januar 2012, der vi tilrådde løysinga i alternativ 1.

Alternativ 1

- To standpunktkarakterar på ungdomstrinnet og studieførebuande utdanningsprogram, ein i norsk munnleg og ein i norsk skriftleg.
- Éin felles standpunktkarakter på yrkesfaglege utdanningsprogram etter Vg2.
- Skriftleg eksamen etter 10. årstrinn: Elevane kan trekkjast ut til éin dags eksamen i norsk hovudmål.
- Skriftleg eksamen etter Vg3 og påbygging til generell studiekompetanse: Gjeldande eksamensordning blir vidareført, det vil seie at eksamen i norsk hovudmål er obligatorisk, og at elevane kan trekkjast ut til eksamen i norsk sidemål.

Alternativ 2

- Standpunktkarakterar som i alternativ 1.
- Skriftleg eksamen etter 10. årstrinn: Elevane kan trekkjast ut til éin dags eksamen i norsk, med ei oppgåve på sidemålet og ei på hovudmålet.
- Skriftleg eksamen etter Vg3 og påbygging til generell studiekompetanse: Alle elevane skal opp til éin dags eksamen i norsk, med ei oppgåve på sidemålet og ei på hovudmålet.

Alternativ 3

- Éin felles standpunktkarakter i norsk for ungdomstrinnet, yrkesfaglege utdanningsprogram etter Vg2, studieførebuande utdanningsprogram etter Vg2 og studieførebuande utdanningsprogram etter Vg3.
- Skriftleg eksamen etter 10. årstrinn: Enten som i alternativ 1 eller 2.
- Skriftleg eksamen på Vg2 studieførebuande utdanningsprogram: Alle elevane skal opp til eksamen i norsk sidemål.⁸
- Skriftleg eksamen på Vg3 studieførebuande utdanningsprogram: Alle elevane skal opp til eksamen i norsk hovudmål.

4.6.1 Alternativ 1 – grunngiving og vurdering

To standpunktkarakterar

Å få til ein betre vurderingspraksis i skolen har vore eit satsingsområde sidan 2006. Forskrift til opplæringslova fastset at elevane har rett til undervegsvurdering. Forskrifta byggjer på forskning som viser at elevar lærer best når dei veit kva som er måla, når dei får tilbakemeldingar om kva som er ein god prestasjon og om korleis dei skal forbetre seg, og når dei sjølve kan delta i vurderinga av sitt eige arbeid.⁹ Innføringa av Kunnskapsløftet er forskingsmessig evaluert gjennom ei rekkje delprosjekt i perioden 2006–2012, og rapportane viser at det er klare endringar i vurderingspraksisen, at det er større merksemd om kva elevane skal lære og om

⁸ For påbygging til generell studiekompetanse må eksamen i hovudmål og sidemål leggjast samtidig etter eitt år.

⁹ Forskrift til opplæringslova § 3-1 <http://www.lovdata.no/for/sf/kd/td-20060623-0724-005.html#3-1>

korleis vurdering kan støtte opp under læring.¹⁰ Undervegsvurdering og vurdering for læring er etter kvart godt etablerte omgrep.¹¹

Dette er ein viktig bakgrunn for at vi har fått ein debatt i norskfaget om korleis dei tre karakterane styrer opplæringa. Fordi lærarane gir halvårsvurderingar med og utan karakter, som reiskap for å fremje læring, blir arbeidet med å skaffe karaktergrunnlag i tre parallelle disiplinær kvart halvår overordna andre omsyn. I prinsippet er det òg dei same kompetansemåla som ligg til grunn for tre ulike karakteruttrykk, så det er ikkje nokon klar samanheng mellom kompetansemåla og karakterane.

Direktoratet tilrår færre karakterar i norskfaget for å gi rom for meir systematisk arbeid med kompetansemåla, betre undervegsvurdering og betre skriveopplæring.

Ei ordning med to standpunktkarakterar tek omsyn til at det å kunne uttrykkje seg munnleg er ei grunnleggjande ferdigheit som norskfaget har særleg ansvar for. Munnleg kommunikasjon er eit eige hovudområde i læreplanen, sidestilt med hovudområdet for skriftleg kommunikasjon. Derimot har skriftleg hovudmål og sidemål så mange felles kompetansemål at dei etter vår vurdering bør kunne reknast som to sider av den same felles skrivekompetansen. Vi meiner at vi ikkje bør vekte hovudmål og sidemål innanfor ein felles karakter, fordi ei prosentvis vekting i praksis vil vere det same som å ha to skilde karakterar. Det er den samla kompetansen i norsk skriftleg som skal vurderast.

Sju skolar har det siste året drive lokale forsøk med ein felles, samanslått karakter i undervegs-vurderinga på Vg1 og Vg2. Erfaringane på dei sju skolane stadfestar at det er ein samanheng mellom talet på karakterar i norskfaget og det handlingsrommet lærarane har for å følgje opp elevane i skriveopplæringa.¹² Lærarane på forsøksskolane har brukt meir tid på læringsprosessane før dei har sett karakter, og har hatt høve til å arbeide meir konsentrert med kvart emne. Nokre av skolane gir uttrykk for at dette mellom anna har styrkt sidemålsopplæringa.¹³

Eit argument mot å redusere talet på standpunktkarakterar frå tre til to, er at skriftleg sidemål ikkje lenger blir synleggjort i ein eigen karakter. Både Språkrådet og Noregs Mållag har offentleg uttrykt bekymring for kva som vil skje med opplæringa i nynorsk dersom sidemålet ikkje lenger skal ha eigen karakter på vitnemålet. Eit anna motargument er at ein felles karakter ikkje viser kva som er elevens sterke og svakare sider. For å oppnå god karakter i skriftleg norsk må ein meistre både hovudmålet og sidemålet godt. Resultata til standpunkt og eksamen i ulike delar

¹⁰ <http://www.udir.no/Tilstand/Evaluering-av-Kunnskapsloftet/> To relevante delrapportar er *Vurdering under Kunnskapsløftet. Læreres begrepsforståelse og deres rapporterte og faktiske vurderingspraksis*, Nordlandsforskning rapport 17/2010

<http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Forskningsrapporter/Nordlandsforskning/Vurdering-under-Kunnskapsloftet-tredje-delrapport/>

Underveis, men i svært ulikt tempo. Delrapport 3 Underveisanalyse av Kunnskapsløftet som styringsform, NIFU STEP rapport 37/2010 <http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Forskningsrapporter/Universitetet-i-Oslo-ILS/Underveis-men-i-svart-ulikt-tempo---tredje-delrapport/>

¹¹ <http://www.udir.no/Vurdering/Vurdering-for-laring/>

¹² Rønning, Wenche: «Fra karakterjag til læring – fra dommer til trener». Rapport fra et forsøk med én karakter i norsk ved to videregående skoler. Nordlandsforskning september 2012.

<http://www.udir.no/Upload/Rapporter/2012/forsok%20en%20karakter.pdf?epslanguage=no>

Akershus fylkeskommune: *Delrapport våren 2012 - forsøk med en karakter i Vg1 og Vg2*, 28.06.2012

¹³ Det er viktig å merke seg at vi ikkje har høve til å innføre forsøksmodellen som ei normalordning. Prinsippet i vurderingsforskrifta – som er felles for alle fag i grunnpøplæringa – er at undervegsvurdering med karakter skal bygge opp under standpunktkarakteren. Norskfaget har større omfang og fleire veketimar på Vg3 enn andre fag, men det same prinsippet gjeld for dette faget.

av landet peikar i retning av at elevar med nynorsk som hovudmål ofte er om lag like gode i begge målformene,¹⁴ mens elevar med nynorsk som sidemål er avhengige av god opplæring på skolen.

Når det gjeld yrkesfaglege utdanningsprogram, tilrår vi ei sluttvurderingsordning med berre éin standpunktkarakter. Grunnen er at faget berre har to veketimar. Det er utfordrande å få eit godt nok vurderingsgrunnlag for to karakterar dersom elevane også skal få undervegsvurdering og tid til å lære. Norsk har færre timar enn engelsk på yrkesfaglege utdanningsprogram, og gir ikkje studiekompetanse. På den andre sida er både munnleg og skriftleg formidling vektlagd i kompetansemåla, og det er viktig å sikre at munnleg ikkje blir nedprioritert på yrkesfag utan eigen karakter.

Eksamen i hovudmål på ungdomstrinnet

Eksamensordninga i alternativ 1 inneber at dei elevane som blir trekte ut til eksamen i norsk på 10. trinn, berre skal ha ein eksamensdag og skrive på hovudmålet sitt. Dette samsvarer med at det er elevens hovudmål som skal ha størst vekt i skriveopplæringa.

Norsk er det einaste faget på ungdomstrinnet som har ein to dagars skriftleg eksamen. Fordi vi tilrår å slå saman standpunktkarakterane i skriftleg norsk, er det heller ikkje rimeleg å halde fast ved ein eigen eksamensdag i sidemål på ungdomstrinnet.

Motargumentet er at det er fare for at sidemålet kan bli nedprioritert i opplæringa dersom det verken blir eigen standpunktkarakter eller prøving til eksamen. Med dette alternativet må elevane førebu seg til sidemåls eksamen på Vg3, men ikkje på ungdomstrinnet.

Eksamen på Vg3 og påbygging til generell studiekompetanse

Gjeldande ordning for studieførebuande utdanningsprogram er at elevane skal ha opplæring i skriftleg sidemål til og med Vg3, og dei skal ha til saman tre skriftlege eksamenar og ein munnleg på det avsluttande trinnet.¹⁵ Alle skal opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål. I tillegg kan dei trekkjast ut til skriftleg eksamen i sidemål som ein av to andre skriftlege eksamensdagar. Om lag 45 % av elevane blir trekte ut til skriftleg eksamen i sidemål.

Sjølv om ikkje alle elevane får sidemålskarakter på vitnemålet, fungerer ordninga som ein motivasjon til å arbeide med sidemålet fordi det er stor sjanse for å bli trekt ut til eksamen.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på forslaga til sluttvurderingsordning i alternativ 1:

- Standpunktordninga er tenleg for faget på ungdomstrinnet og studieførebuande utdanningsprogram
- Standpunktordninga er tenleg for faget på yrkesfaglege utdanningsprogram etter Vg2
- Eksamensordninga er tenleg for ungdomstrinnet
- Eksamensordninga er tenleg for studieførebuande utdanningsprogram

¹⁴ Sjå <http://skoleporten.udir.no/>. Det er ingen egne karakterstatistikkar for elevar med nynorsk som hovudmål, men statistikken for dei ulike fylka gir ein indikasjon.

¹⁵ Eigne reglar for idrettsfag, MDD og påbyggingsåret. Sjå <http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2009/Udir-1-2009-Trekkordning-ved-eksamen-i-Kunnskapsloftet/>

4.6.2 Alternativ 2 – grunngiving og vurdering

Alternativ 2 har same standpunktordning som alternativ 1, men ei anna eksamensform. Det inneber at elevane kan trekkjast ut til ein skriftleg eksamen der dei svarer på ei oppgåve i hovudmål og ei i sidemål, tilsvarende den ordninga som vart gjennomført i 2008. Dette er eit alternativ som gjer sidemålet til ein del av skriftleg eksamen i norsk innanfor ramma av ein felles karakter. Hovudargumenta for ei slik løysing er at ho vil prøve ei større breidd i skrivekompetansen til elevane, og at skriftleg sidemål blir ein del av eksamen. Karakteren blir uttrykk for ein felles skrivekompetanse som omfattar hovudmål og sidemål.

I samband med handsaminga av *St.Meld nr 30 (2003-2004) Kultur for læring* vedtok Stortinget å innføre éin eksamensdag i norsk der elevane skulle skrive både på hovudmål og sidemål. Denne eksamensforma vart gjennomført våren 2008, men møtte mykje kritikk. Direktoratet evaluerte eksamen hausten 2008, og vi tilrådde i etterkant av evalueringa at anten eksamensordninga eller standpunktordninga burde endrast, for at det skulle bli betre samanheng mellom standpunkt og eksamen. Resultatet vart at vi gjekk tilbake til ordninga med to eksamensdagar frå våren 2009.¹⁶

I evalueringa frå 2008 la lærarane vekt på at vekslinga mellom bokmål og nynorsk og det å skrive to ulike tekstar verka forvirrande på elevane. Det gjekk likevel fram av evalueringa at elevane sjølve meinte dei hadde hatt god tid til å svare på begge oppgåvene. Evalueringa viste at lærarane var meir negative til denne eksamensordninga enn elevane.

Direktoratet vurderer det slik at denne eksamensordninga er eit realistisk alternativ, sjølv om ho fekk kritikk i 2008. I tillegg til at det blir god samanheng mellom standpunktordninga og eksamen dersom det blir ein felles skriftleg karakter, meiner vi det spelar inn at både læreplanen og eksamensordningane i Kunnskapsløftet er meir innarbeidde no enn i 2008. Ved å sende forslaget på høyring kan vi få eit godt grunnlag for å vurdere dette.

Oppgavesettet for ungdomstrinnet kan utformast slik at eleven skriv ei kortsvaroppgåve og ei langsvareoppgåve med støtte i vedlagde tekstar. Dersom det blir utarbeidd ein versjon for kvart hovudmål, kan skriving på nynorsk knytast til lesing på nynorsk – både for sidemål og for dei som skriv nynorsk som hovudmål.

På Vg3 kan det utarbeidast ein skriftleg norskeksamen som liknar eksamen for ungdomstrinnet, men med meir krevjande oppgåver i samsvar med læreplanen. Forslaget er initiert av læreplangruppa i samband med revisjonen, og ordninga har ikkje vore prøvd ut på Vg3 tidlegare. Hovudargumentet for dette forslaget er at sidemålet bør kunne prøvast i ein felles obligatorisk eksamen. Hovudmål og sidemål blir sett som to sider av den same skrivekompetansen, og eleven skal kunne veksle mellom målformene. Sidemålsdelen av eksamen blir ein kortfatta tekst, og det å skrive kortfatta er i seg sjølv ein aktuell kompetanse i mange yrke og i samfunnslivet. Eksamen på Vg3 har hatt ein variant med kortsvar og langsvare sidan 2009.¹⁷

Ein felles eksamenskarakter vil slå positivt ut for elevar som meistrarar begge målformene, men gjere det vanskelegare å oppnå ein god eksamenskarakter i norsk dersom ein er svak i sidemål.

¹⁶ Sjå evalueringa av eksamen i norsk på ungdomstrinnet hausten 2008, brev til KD <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen/Dokumentasjon-av-erfaringer-fra-eksamen-varen-2008/> og rapport frå Rambøll <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen/Dokumentasjon-av-erfaringer-fra-eksamen-varen-2008/>

¹⁷ Sjå <http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Forskningsrapporter/Ramboll/Evaluering-av-norsk-i-videregaende-opplaring-varen-2010/>

Forslaget vil påverke eksamensordningane i andre fag. Dersom skriftleg sidemål ikkje lenger skal vere trekkfag, og ein skal ha det same talet på eksamenar som i dag, vil elevane som hovudregel komme opp til eksamen i alle programfaga sine. Det fører til at eksamensperioden i vidaregåande opplæring blir lengre fordi programfaga skal kunne kombinerast på mange måtar. Sjå omtale av dette i kapittel 5.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på eksamensforslaga i alternativ 2, samanlikna med direktoratets tilråding i alternativ 1:

- Eksamensordninga i alternativ 2 er betre enn alternativ 1 for ungdomstrinnet
- Eksamensordninga i alternativ 2 er betre enn alternativ 1 for studieførebuande utdanningsprogram

4.6.3 Alternativ 3 – grunngiving og vurdering

Dette alternativet gjeld standpunktordninga for alle trinn og eksamen for studieførebuande utdanningsprogram, og kan kombinerast med ei av dei to eksamensordningane for ungdomstrinnet som er lagd fram i alternativ 1 og 2 over. Alternativet er foreslått i sluttrapporten frå Forum for norskfaget.¹⁸ Forslaget går ut på å redusere talet på standpunkt-karakterar frå tre til ein for å få betre heilskap i opplæringa. Skriftleg sidemål blir synleggjort med ein obligatorisk eksamen etter Vg2. På Vg3 skriv eleven berre hovudmålet sitt.

Den felles standpunktkarakteren skal uttrykkje den samla kompetansen i norsk. Hovudargumentet for ei slik ordning er at skriftleg og munnleg kompetanse er nært knytt saman i opplæringa. Elevane arbeider parallelt med munnleg og skriftleg aktivitet, både som reiskap for forståing og refleksjon og som grunnlag for eigen tekstproduksjon. Mange moderne tekstar har dessutan både munnlege og skriftlege element, og ein felles karakter vil kunne styrkje dei sidene ved faget som er felles for munnleg og skriftleg.

Utdanningsdirektoratet har tidlegare vurdert dette forslaget som ein mogeleg, men krevjande modell å realisere.¹⁹ Forslaget har konsekvensar for korleis norskfaget kan byggjast opp på Vg2 og Vg3, og for eksamensordningane i andre fag.

Alle eksamenar i Kunnskapsløftet er knytte til ein standpunktkarakter som representerer breidda i faget, og det må òg gjelde for skriftleg sidemål. Derfor medfører dette forslaget at ein innfører ein ekstra standpunktkarakter i norsk etter Vg2 på studieførebuande program. Grunnen er at eksamen skal vere eit uttrykk for *den samla kompetansen i faget*.²⁰ Opplæringa i skriftleg sidemål er ein integrert del av skriveopplæringa, og dei fleste kompetansemåla er felles for hovudmål og sidemål. Den skriftlege (og munnlege) formidlingsevna til elevane er dessutan nært knytt til det faglege kunnskapsstoffet som ligg i hovudområdet for språk, kultur og litteratur. Derfor er ikkje skrivning på sidemålet ei isolert øving i formelle dugleikar, men ein del av den breie skrivekompetansen som omfattar sjangerkunnskap, formidlingsevne og fagkunnskapar.

Standpunktkarakteren etter Vg2 blir ein samla karakter i *norsk* og uttrykkjer kompetansen eleven har på dette årstrinnet. Kompetansemåla for Vg2 og Vg3 må formulerast slik at det går tydeleg fram kva kompetanse som skal vurderast på eit høgre nivå etter dette trinnet.²¹ Det kan

¹⁸ <http://www.udir.no/Lareplaner/Forsok-og-pagaende-arbeid/Gjennomgang-av-norskfaget/Forum-for-norskfaget-er-opprett/Forum-for-norskfaget---sluttrapport-2012/>

¹⁹ Sjå brev frå Utdanningsdirektoratet 19.01.12

²⁰ Sjå forskrift til opplæringslova § 3-3 og utgreiing i brev frå 19.01.12

²¹ Dette set krav til progresjonen i kompetansemåla mellom Vg2 og Vg3. Læreplanen blir ikkje meir omfattande innhaldsmessig, men det kan vere nødvendig å presisere nokre mål. For at arbeidsmengda på Vg2 ikkje skal bli for stor,

utarbeidast kjenneteikn på måloppnåing for dei to årstrinna som hjelp til å konkretisere kva som er den venta nivåforskjellen.

Med ei slik ordning blir sluttvurderinga etter Vg3 mindre omfattande. Det kan òg gjere det lettare å motivere elevane til å arbeide med norskfaget på Vg2. Ein annan fordel med å ha eksamensdagar fordelte på Vg2 og Vg3, er at dei prøver ulike kompetansemål. Slik kan dei to eksamenane utfylle kvarandre innholdsmessig. På den andre sida kan det oppfattast som urimeleg at elevane skal ha to obligatoriske eksamenar i norsk, mens ein i alle andre fag har trekkfagseksamen.

Forslaget vil påverke eksamensordningane i andre fag. Direktoratet meiner det er uheldig å redusere talet på eksamenar i programfaga, fordi det kan oppfattast som eit signal om at programfaga er mindre viktige. Derfor fører forslaget om obligatorisk sidemålseksamen til at det må bli to eksamendagar på Vg2 i staden for ein som i dag. Etter Vg3 blir det fleire eksamenar i programfaga, og det har økonomiske og logistikkmesige konsekvensar for skolar og skoleeigarar. Sjå omtale i kapittel 5.

Modellen gjer det meir utfordrande å ta påbygging til generell studiekompetanse. Det er ikkje tilrådeleg å ha kortare tid enn eitt år på opplæring i sidemålet. Derfor bør påbyggingskurset ha sidemål og hovudmål samtidig, og ein standpunktkarakter. Det er òg mange elevar som tek Vg2 i utlandet. Desse elevane må ha bestått eksamen i norsk på Vg2 før dei får godkjent heile opplæringsåret i utlandet (jf. forskrift til opplæringslova § 1-16) og for å få vitnemål etter Vg3. Ordninga kan føre til at det blir vanskelegare for elevar på studieførebuande utdanningsprogram å ta Vg2 i utlandet.

Rapporten frå Forum for norskfaget har ikkje noka klar tilråding for ungdomstrinnet, men skriv at det burde vere obligatorisk eksamen i norsk for alle elevar etter 10. årstrinn. Utdanningsdirektoratet ser det som uaktuelt å tilrå fleire eksamenar på ungdomstrinnet, og vil ikkje sende den delen av forslaget på høyring. Slik blir «tyngda» i sidemålsopplæringa plassert på Vg2 studieførebuande med denne modellen.

Vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på forslag til sluttvurderingsordning i alternativ 3, samanlikna med direktoratets tilråding i alternativ 1:

- Alternativ 3 er samla sett betre enn alternativ 1 for norskfaget

5. Økonomiske og administrative konsekvensar

Vi viser til det felles høyringsbrevet som gjer greie for konsekvensar som gjeld alle læreplanane. Dei økonomiske og administrative konsekvensane som særleg gjeld norskfaget, er i hovudsak knytte til eventuelle endringar i eksamensordningane. Vi vurderer det slik at ein reduksjon i talet på standpunktkarakterar kan få konsekvensar for arbeidsmåtane og arbeidsmengda til lærarane, og auke motivasjonen for å undervise i faget. Desse faktorane er svært viktige for faget samla sett.

I grunnskolen vil ei endring av norskeksamen frå to dagar til ein dag bety ei innsparing av sensur- og trykkeriutgifter på omlag 7-8 millionar kroner årleg.

må ein i tillegg flytte nokre kompetansemål frå Vg2 til Vg3 dersom det blir eksamen på dette trinnet. Sjå eigen merknad i forslaget til kompetansemål for Vg2.

Eksamensordningane i vidaregåande opplæring i alternativ 2 og 3 inneber at eksamen i skriftleg sidemål ikkje lenger vil vere trekkfag. Dette vil ha konsekvensar for gjennomføringa av eksamen i andre fag.

I Udir-1-2009 *Trekkordning ved eksamen i Kunnskapsløftet*²² går det fram at elevar på Vg3 studiespesialiserande utdanningsprogram skal trekkjast ut til skriftleg eksamen i to fag, i tillegg til obligatorisk eksamen i norsk hovudmål. Dei fleste elevane har to programfag, og dei skal derfor trekkjast ut til skriftleg eksamen i anten to programfag²³ eller i eitt programfag og sidemål. Perioden for sentralt gitt skriftleg eksamen er i dag knappe tre veker. Dersom vi skal vidareføre kravet om to skriftlege eksamenar på Vg3, og begge desse eksamenane skal vere i programfag, blir det nødvendig å utvide eksamensperioden. I tillegg til å leggje programfaga over fleire dagar enn i dag, vil det òg vere nødvendig å vurdere om vi bør endre trekkordninga for eksamen. I så fall kan skolane trekkje elevane ut til ein lokalt gitt munnleg eksamen i dei tilfella det ikkje lèt seg gjere å gjennomføre skriftleg eksamen i to programfag.

Det er òg viktig å vere merksam på at obligatorisk eksamen i skriftleg sidemål vil krevje fleire sensorar og noko større utgifter til sensorhonorar enn i dag. Utdanningsdirektoratet vil i den samanhengen understreke at det allereie i dag er til dels store utfordringar knytte til å rekruttere mange nok sensorar i norsk. Det er grunn til å rekne med at dette problemet vil bli forsterka dersom vi innfører ein obligatorisk eksamen i norsk sidemål.

Vedlegg 1 – Forslag til læreplan i norsk med skjematisk oversikt over vurderingsalternativa

²² <http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2009/Udir-1-2009-Trekkordning-ved-eksamen-i-Kunnskapsloftet/>

²³ Sentralt gitt skriftleg eksamen er sluttvurderingsordninga i dei fleste programfaga på studiespesialiserande utdanningsprogram, mens fellesfaga har lokalt gitt munnleg eksamen som sluttvurderingsordning i tillegg til standpunktvurderinga.